

## VEDTEKTER FOR VIKEBYGD SØNDAGSSKULE

§ 1 Vikebygd søndagsskule er ei eiga sjølvstendig foreining i bygda Vikebygd i Vindafjord kommune i Rogaland. Dette inneber at dei avgjer sjølve kva aktivitet som skal vera, korleis dei disponerer økonomi og formue, og kvar dei skal vera. Denne er ei vidareføring av aktiviteten som Vikebygd søndagsskule og laurdagsklubb, og tidlegare Vikebygd søndagsskule har drive fram til nå.

§ 2 Vikebygd søndagsskule er og skal vera tilknytt organisasjonen Søndagsskolen Norge. Som medlem i Søndagsskolen Norge, er foreininga tilknytt Søndagsskolen Karmsund-Sunnhordland krets og arbeider etter grunnreglane, generalforsamlinga sitt vedtak og retningslinjer gitt av landsstyret og krinsstyret (jmf Grunnreglar §1.5). Vikebygd søndagsskule deler og visjonen Jesus til borna. Dette skjer i truskap mot Bibelen, og den evangelisk-lutherske vedkjenninga.

§ 3 Vikebygd søndagsskule har som formål å samla borna mellom 3 og 12 år i Vikebygd til aktivitetar, undervisning av det som står i Bibelen, læra borna om kven Jesus er, og syngja ilag.

§ 4 Vikebygd søndagsskule skal ha eit styre som skal bestå av minst to vaksne (menn eller kvinner over 18år). Desse skal veljast på eit årsmøte der minst to er tilstades. Valet gjeld for to år. Er det fleire enn to i styret, skal ein sitja over slik at ikkje alle vert skifta ut kvart andre år. Fyrste gong skal ein av medlemmene i styret bli valt for 1 år. Leiaren skal veljast på årsmøtet og for eit år om gongen. Årsmøte skal annonserast ein månad før det skal haldast. Annonsering kan skje ved publisering på lokal internett side, og ved oppslag på butikk og bedehus.

§ 5 Alle i Vikebygd kan vera medlem av Vikebygd søndagsskule. Det skal vera ein frivillig kontingent. Men alle som vil vera medlem, blir registrert og skrivne opp jmf registrering i det gjeldande systemet Søndagsskolen Norge nyttar. Dette blir teke med i årsrapporten. Dei som er medlem og er over 15 år, vil ha stemmerett ved årsmøtet. Dei som er yngre enn 15 år og er medlem, kan la ein foreldre eller føresett stemme for seg.

§ 6 Viss det kjem eit ynskje om endring av vedtektene, skal dette meldast inn til styret seinast to veker før årsmøtet. Endring av vedtektene kan skje ved fleirtal av røysteføre medlem. Endringa kan ikkje strida imot grunnreglane for Søndagsskolen Norge. § 2 kan ikkje endrast.

§ 7 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal:

1. Behandle årsmelding
2. Behandle rekneskap i revidert stand
3. Behandle innkomne forslag
4. Fastsette kontingent
5. Velja:
  - a) Leiar
  - b) Styremedlem

§ 8 Skulle det skje at styret ynskjer å leggja ned Vikebygd søndagsskule, skal midlane som evt finst, bli overført til Vikebygd bedehus, Betlehem som skal nytta desse midlane til barne- og ungdomsarbeid. Viss Vikebygd bedehus, Betlehem blir avvikla før Vikebygd søndagsskule, skal evt midlar /formue bli overført til Søndagsskolen i Norge, Karmsund og Sunnhordland krins.